

Formannskapet i Kvinnherad Kommune v/Ordførar Vegard Bjørnevik
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Marielle Sjo, dagleg leiar i Spritz AS
Eidsnesveien 18
5455 Halsnøy Kloster

31.05.2026

**TILSVAR PÅ KLAGE FRÅ GAUTE HJELMELAND OG ÅSHILD
LYGRE HJELMELAND DATERT 25.05.2026**

Aktuelt brev blei motteke på mail fredag 28.05.26 kl. 15.32. Eg vil be om at formannskapet tar dette tilsvaret med i førebuing til møte 4. juni.

Uteservering har vert ynskjeleg og planlagt frå vår side sidan etablering av Spritz. Det har vore ein pågåande dialog med kommunen sidan den første søknaden om skjenkeløyve vart sendt i oktober 2024. Den første formelle søknaden om *utandørs* skjenking vart sendt 4. mars 2025.

Me registrerer klagene som er kome frå hyttenaboar. Me ønskjer eit godt naboforhold og arbeider difor kontinuerleg med tiltak for å redusere sjenanse. Frå første stund har me forsøkt å gjera det best mogleg for alle parter. Me plasserte scenen nærast fritidseigedommen for å vinkle lyden frå høgtalaranlegget i motsett retning. Me har som rutine at personale held ytterdøra lukka når hyttenaboane er til stades. Me held alltid gardinene lukka føre vinduene som er retta mot uteplassen til naboane. Dette for å skåna dei for

sjenanse og innsyn. Me har heile tida forsøkt å gjera nødvendige tiltak for å avverje uønska hendingar knytt til verksemda. Eksempelvis har me etter klager vedrørande utadørs urinering oppgradert toalettfasilitetane til en kostnad på over 300 000 kroner. Personale følger med ute og me har rutine på utandørs vakt ved og etter stengetid for å ivareta ro og orden på best mogleg måte.

Eg kan bekrefte at vi holdt åpent søndag 1. pinsedag. Åpningsdagen har vore annonsert på våre sosiale media (Facebook og Instagram) sidan januar.

Hytteneboane har full anledning til å følge med på programmet vårt. Kl 02.00 er alminneleg stengetid.

Den 17. mai 2026 fekk me innvilga søknad om einskild løyve for utandørs skjenking i tidsrommet 12.00 - 23.00. Me kan melda om svært trivelege forhold med fornøgde gjester. Uproblematisk gjennomføring innanfor vilkåra som var sett.

Eg minner om at område kor serveringsverksemda og fritidseigedommen ligg er eit regulert næringsområde. Vår serveringsverksemd drives lovleg, innanfor gjeldande tillatelsar og kommunale rammer.

Me registrerer likevelling at naboklagene er gjentakande. Sæbøvik sentrum er og skal være eit aktivt næringsområde. Me stiller oss derfor undrande til at Gaute og Åshild valgte å kjøpe hytte nettopp her. Hytteneboane har tilsynelatande forventning om alminneleg naturo som i et bustadområde. Naboane må tåla normal aktivitet som føl med verksemda. Heilt sidan 2024 har hytteneboane uttrykt seg kritisk til drifta i lokalet. Dei har gjentekne gonger uttrykt ting som

at verdien av eigedommen deira er forringa og at situasjonen er uutholdelig. *“Situasjonen er ofte så ille at hytta ikkje lenger kan nyttast i helgene”*. Dersom dei er vidare bekymra for dette vil vi tilby dei å kjøpe dei ut frå hytta for kjøpesummen dei betalte. Dette på tross av at dei hevdar verdien er forringa. Slik kan dei anskaffe ein fritidsbustad skjerma frå aktivitet og publikum.

Fylkeskommunen har i sine skriv anbefalt oss å søkje om å bygge terrasse for uteservering mot sør-vest blant anna grunna siktforholda på fylkesvegen. På hytteeigedommen er det satt opp ein stor jordvoll kor det er planta ein ruvande hekk som tar 80-100 meter sikt fra utkjørselen på fylkesvegen. Me meiner klart at jordvollen og hekken bør fjernast då den skaper trafikkfarlege situasjonar.

Naboanes forslag om at me skal påleggast reduserte opningstider avviser me naturlegvis. Me stiller oss kritisk til at dei som privatpersonar forsøker å overstyra kommunalt vedtekne skjenketider. Hovudgrunnlaget for vår drift er i tidsrommet 23.30 - 01.30, det vil sei at me har eit kort vindu for inntjening. Opphøyr av skjenketid er etter hovudregelen i alkohollova kl. 03.00. Kvinnherad kommune har allereie fastsett kortare skjenketider enn vi kunne ynskja. Dersom hyttenaboane ynskjer å byggja opp full skjerming for lyd og innsyn på eigedommen sin, vil me dog ikkje stå i vegen for det.

Me meiner klart at uteservering på Spritz vil gje eit løft til Sæbøvik sentrum. Utandørs skjenkeløyve er en viktig brikke å få på plass for at vi kan tilby våre gjester eit heilheitleg serveringstilbod. Me ynskjer at det skal være ein sosial og triveleg møteplass kor ein kan sitja ned for god mat og drikke både inne og ute. Utandørs skjenkeløyve er som nemnt i tidlegare dialog avgjerande for at me skal være konkurransedyktige. Sommarmånadene er normalt dei beste i

serveringsbransjen. Juni, juli og august i fjor gav oss dessverre rekorddårlege omsetningstal. Gjestene forklarar manglande oppmøte med at dei ikkje ynskjer å sitte inne når det er varmt og fint vær ute. Då vel dei heller å leggja besøket til andre aktørar kor det er uteservering.

Ved etablering av permanent utandørs skjenkeområde har planen hele vegen vore å etablere en skjermvegg mot hyttenabo. Vårt ynskje var også å byggje terrasse med 150 cm høgt glasrekkverk for å omramma uteområdet.

Fylkeskommunen har dessverre ikkje gjeve dispensasjon for byggesøknaden.

På bakgrunn av det ovannemnte ber me om at løyve for utandørs skjenking på eksisterande uteområde, med avgrensing som beskrive i søknaden vert innvilga. Ta kontakt ved behov for ytterlegare avklaringar.